

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Deres ref: 15/258 14.12.2015

Høring - NKoms rapport om leveringspliktige elektroniske kommunikasjonstenester for tiden framover – Telefonitenester og breiband

NKom sendte i Mai 2015 ut ein rapport der dei gir sin vurdering og anbefaling når det gjeld leveringsplikt på breibandstenester i tida framover.

Samandrag frå rapporten til NKom:

- Nkom meiner at grunnleggande breiband bør inngå i dei leveringspliktige tenestene.
- Tilgang til grunnleggande breiband sjåast på som avgjerande for full deltaking i samfunnet, og det at befolkninga og næringslivet har tilgang til breiband er derfor i offentlighetens interesse.
- Dei tekniske minstekrava til grunnleggande breiband bør i utgangspunktet settast til 4 Mbit/s nedstrøm og 1 Mbit/s oppstrøm.
- For å oppnå best mogleg konkurranse mellom mulige tilbydarar av leveringspliktig breiband, kan det vurderast å dele opp landet i formålstjenlige områder, eksempelvis pr. fylke der kvart område utsettast som ein anbudskonkurranse.
- NKom foreslår 3 finansieringsmodellar:
 1. Eit finansieringsfond fundert på ulike gebyr i bransjen, eksempelvis eit gebyr per kunde for alle leverandørar av breibandstenester
 2. Utbygging finansiert av direkte statsstøtte, eksempelvis tilsvarande som breibandsstøtteordningen vi har i dag
 3. Ein kombinasjon av 1 og 2

Kommentarar til foreslått hastighetskrav på 4/1 Mbit/s

Enivest meiner at dersom det skal innførast leveringsplikt på breiband, må hastighetskravet reflektere eksisterande og framtidige kapasitetsbehov hos brukarane og settast vesentleg høgare enn 4/1 Mbit/s.

I Sundvollen-erklæringa gjekk Regjeringa inn for å sikre tilgong til høghastighetsbreiband i heile landet, med eit kapasitetsmål på 100 Mbit/s (riktig nok på uspesifisert tidspunkt). EUs digitale agenda leggjer opp til at alle EU-borgarar skal ha tilgang til 30 Mbit/s nedlastingskapasitet og at minst 50% av hushaldningane skal abonnere på breiband med meir enn 100 Mbit/s innan 2020.

Eit hastighetskrav på 4/1 Mbit/s vil i mange tilfelle innebere at LTE-nett kan bli ansett som tilstrekkeleg for å oppfylle leveringsplikta i eit gitt geografisk område. Sjølv om leveringsplikta ikkje vil

være til hinder for at det i tillegg byggast høgkapasitets fastaksesnett i dei same områda, vil incentiva for fiberutbygging i gravgrendte strøk svekkast dersom det blir etablert ei ordning med offentleg finansierte LTE-utbygging i områder som elles kunne fått offentleg støtte til fiberutbygging.

Offentleg støtte til utbygging av 4/1 Mbit/s breibandsnett vil kunne vere ei form for reguleringstiltak som kan blokkere for fiberutbyggarar å igangsette utbygging i områder kor utbyggarar av nett med lågare kapasitetar har fått eit konkurransefortrinn i form av offentleg utbyggingsstøtte. Dette kan i verste fall vere konkurransevridande.

Vi er redde for at eit minimumskrav på 4/1 Mbit/s vil føre til at det ikkje lenger vil komme offentlege tildelingar for utbygging av høgastighetsbreiband i såkalte «kvite områder». Dette er områder som i dag ikkje er kommersielt utbyggbare og som ikkje har tilgang til breiband med hastighet over 30 Mbit/s. Ved eit minimumskrav på 4/1 Mbit/s vil det komme støtte til utbygging for dei husstandane som ikkje oppnår minimumskravet i dag, medan det ikkje vil komme støtte for andre områder. Dette vil særleg gå ut over områder i distrikta som i verste fall ikkje vil kunne få noko meir enn minimumskravet.

Enivest meiner at å sette eit minimumskrav til hastighet er utfordrande, da dette kravet etter kvart vil bli utdatert. Statistisk Sentralbyrå (SSB) rapporterer kvart år på blant anna kva som er gjennomsnittlig overføringskapasitet for privathushaldningar i Norge. På bakgrunn av dette meiner Enivest at minimumskravet for leveringspliktig breiband bør ligge på det som er eit gjennomsnittlig breibandsabonnement for ein hushaldning i Norge til ei kvar tid.

I 2008 var gjennomsnittlig overføringskapasitet for breiband i Norge 5,0 Mbit/s, medan det i 2015 er 33,3 Mbit/s. På desse sju åra har gjennomsnittlig overføringskapasitet i Norge meir enn seksdobla seg. Om utviklinga fortset i same tempo vil gjennomsnittlig kapasitet i 2022 vere ca 200 Mbit/s, noko som vi trur er svært sannsynleg.

Ved å bruke SSB sine rapportar på kva som skal vere minimumskravet til overføringskapasitet på leveringspliktig breiband vil ein og kunne stimulere til at det blir investert i framtidsretta teknologiar ved utbygging av leveringspliktig breiband, og ein dermed slepp reinvesteringar i teknologi om nokre få år.

Kommentarar til anbod pr. område

NKom anbefalar at for å oppnå best mogleg konkurranse mellom mulige tilbydarar av leveringspliktig breiband, kan det vurderast å dele opp landet i områder, for eksempel pr. fylke, der kvart område utsettast som ei anbodsrunde.

Enivest støttar ein slik anbodsmodell dersom det blir innført leveringsplikt for breiband. Det vil sikre at lokale fiberaktørar gis mulighet til å konkurrere med landsdekkande breibandstilbydarar på ikkje-diskriminerande vilkår.

Kommentarar til finansiering

Enivest meiner at dersom det innførast leveringsplikt for breiband, må utbygging finansierast av offentlege midlar og ikkje baserast på gebyr frå markedsaktørane. Slike gebyr vil både kunne gje utilsikta konkurransevridande virkningar i marknaden og bidra til å begrense investeringsincentivar for vidare utbygging av høgkapasitetsnett i Norge.

Enivest meiner og at det fortsatt må tilretteleggast for vidare utbygging av høgastighetsbreiband. Dette kan og bør vidareførast gjennom dagens støtteordningar for breibandsutbygging.

Med helsing

Eninvest AS



Stig Myrnes

Leiar Strategi og forretningsutvikling

